



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjord, Rådhuset
Dato: 08.12.2015
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sølvi Dimmen	Medlem	SP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hild Våge	Sølvi Dimmen	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Berit Koen	Barn og unge sin representant i plansaker, PS 196/15
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef, PS 196/15

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 194/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 195/15	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 196/15	Planid 2011009 Detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet - nytt offentlig ettersyn
PS 197/15	Korrigering av budsjett 2. halvår 2015
PS 198/15	Rovdefjordsambandet - teikning av aksjar
PS 199/15	Møteplan for politiske møte 2016
PS 201/15	Spørsmål knytt til funksjon som ordførar
PS 202/15	Voldsfjordkryssing – bruselskap
PS 200/15	Orienteringssaker
OS 134/15	Høringsbrev – NOU 2015: 7 Assimilering og motstand – Norsk politikk overfor taterne/romanifolket fra 1850 til i dag
OS 135/15	Referat forhandlingsnemndene for Ørsta og Volda om kommunereform, 27.11.2015
OS 136/15	Utendingar til landstinget i LNK Landstinget for nynorskkommunar - Ulsteinvik 8.-9. juni 2017
PS 203/15	Lønsforhandling rådmann
OS 137/15	Torvmyrvegen
OS 138/15	Årsmøte Gode Vegar AS
OS 139/15	Vegstrekninga Hunnes-Vatne
OS 140/15	Helse- og omsorgsminister Bent Høie vitjar Volda 15.12.2015

PS 194/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Dokument utsendt måndag 07.12.2015:

- PS 201/15 Spørsmål knytt til funksjon som ordførar.
- OS 136/15 Utsendingar til landstinget i LNK Landstinget for nynorsk kommunar – Ulsteinvik 8-9. juni 2017.

Sakliste:

Ordføraren kom med framlegg om å legge følgjande saker til på saklista:

- Lønsforhandlingar med rådmann
- Torvmyrvegen
- Årsmøte i Gode Vegar AS
- Vegstrekninga Hunnes-Vatne
- Besøk helse og omsorgsminister Bent Høie

Odd A. Folkestad hadde følgjande merknad til saklista og protokoll:

- I samband med handsaminga av årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019, vart det vedteke at sak om Voldsfjordkryssing skal handsamast i sak PS 197/15 korrigerings budsjett 2. halvår 2015. Folkestad ber om at Voldsfjordkryssing vert handsama som eiga sak.

Orientering – eigedomsskatt på støls/seterhytte

Det vart vist til vedtak frå Sivilombudsmannen, datert 26.11.2015, vedk. eigedomsskatt på støls/seterhytte. Formannskapet ber administrasjonen om ei orientering om konsekvensar for dette.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå ordføraren og endring frå Odd A. Folkestad, vart samrøystes godkjent.

PS 195/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte, 01.12.2015, vart samrøystes godkjent.

PS 196/15 Planid 2011009 Detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet - nytt offentlig ettersyn

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Det vert vist til fylkesmannen si oppheving av kommunen sitt planvedtak i sak 88/14 om Reguleringsplan turveg Rotevatnet den 19.06.2014.*
- 2. Revidert framlegg til Reguleringsplan turveg Rotevatnet - vist i planomtale, kart og føresegner dagsett 24.09.2012 - vert lagt ut til nytt offentlig ettersyn i samsvar med reglane i plan- og bygningslova §12-10.*

Handsaming:

Barn og unge sin representant i plansaker, Berit Koen, møtte under handsaminga av saka.

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden orienterte. Han gjorde oppmerksom på ein skrivefeil i tilrådinga frå administrasjonen. Rett dato i pkt. 2 skal vere 25.11.2015.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, med endringar frå Vestgarden, vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 08.12.2015:

- 1. Det vert vist til fylkesmannen si oppheving av kommunen sitt planvedtak i sak 88/14 om Reguleringsplan turveg Rotevatnet den 19.06.2014.*
- 2. Revidert framlegg til Reguleringsplan turveg Rotevatnet - vist i planomtale, kart og føresegner dagsett 25.11.2015 - vert lagt ut til nytt offentlig ettersyn i samsvar med reglane i plan- og bygningslova §12-10.*

PS 197/15 Korrigerering av budsjett 2. halvår 2015

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Budsjettert rammetilskott vert auka med kr. 808 000.*
- 2. Budsjettramma til Opplæring og oppvekst vert redusert med 2,5 mill kr.*
- 3. Budsjetterte utgifter til NAV vert auka med kr.500.000*
- 4. Budsjettramma til Helse og omsorg vert auka med 7,5 mill kr.*
- 5. Budsjettramma til Økonomistaben vert redusert med kr. 450 000.*
- 6. Budsjettert avkastning på plasseringar vert redusert med kr. 900 000.*

7. *Budsjetterte renteutgifter til Startlån vert auka med kr. 700 000.*
8. *Renteinntekter frå Startlån vert auka med kr. 450 000.*
9. *Integreringstilskotet vert auka med kr. 4 745 000.*
10. *Rentekompensasjon for investering i skulebygg vert redusert med kr. 240 000.*
11. *Rentekompensasjon for investering i skulebygg vert redusert med kr. 63 000.*
12. *Vertkommunetilskot og tilskot for einslege mindreårige (EMI) vert auka med til saman kr 463.000.*
13. *Budsjetterte inntekter frå eigedomsskatt vert auka med 0,5 mill kr.*
14. *Avskrivningar (utgift) vert auka frå 21.250.000 til 30.733.000.*
15. *Avskrivningar (inntekt) vert auka frå 21.250.000 til 30.733.000.*
16. *Momskompensasjon drift (utgift) vert sett til 11 mill kr.*
17. *Momskompensasjon drift (inntekt) vert sett til 11 mill kr.*
18. *Amortiseringa av tidlegare års premieavvik vert auka med kr 913.000 til kr. 6.539.000.*
19. *Det vert budsjettert med eit negativt premieavvik for 2015 på 4 mill kr.*
20. *Budsjettert innbetalt pensjonspremie vert redusert med 4,9 mill kr.*

Handsaming:Sak om Voldsfjordkryssing vart handsama i sak PS 202/15.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 08.12.2015 til kommunestyret:

1. ***Budsjettert rammetilskott vert auka med kr. 808 000.***
2. ***Budsjettramma til Opplæring og oppvekst vert redusert med 2,5 mill kr.***
3. ***Budsjetterte utgifter til NAV vert auka med kr.500.000***
4. ***Budsjettramma til Helse og omsorg vert auka med 7,5 mill kr.***
5. ***Budsjettramma til Økonomistaben vert redusert med kr. 450 000.***
6. ***Budsjettert avkastning på plasseringar vert redusert med kr. 900 000.***
7. ***Budsjetterte renteutgifter til Startlån vert auka med kr. 700 000.***

8. *Renteinntekter frå Startlån vert auka med kr. 450 000.*
9. *Integreringstilskotet vert auka med kr. 4 745 000.*
10. *Rentekompensasjon for investering i skulebygg vert redusert med kr. 240 000.*
11. *Rentekompensasjon for investering i skulebygg vert redusert med kr. 63 000.*
12. *Vertkommunetilskot og tilskot for einslege mindreårige (EMI) vert auka med til saman kr 463.000.*
13. *Budsjetterte inntekter frå eigedomsskatt vert auka med 0,5 mill kr.*
14. *Avskrivningar (utgift) vert auka frå 21.250.000 til 30.733.000.*
15. *Avskrivningar (inntekt) vert auka frå 21.250.000 til 30.733.000.*
16. *Momskompensasjon drift (utgift) vert sett til 11 mill kr.*
17. *Momskompensasjon drift (inntekt) vert sett til 11 mill kr.*
18. *Amortiseringa av tidlegare års premieavvik vert auka med kr 913.000 til kr. 6.539.000.*
19. *Det vert budsjettert med eit negativt premieavvik for 2015 på 4 mill kr.*
20. *Budsjettert innbetalt pensjonspremie vert redusert med 4,9 mill kr.*

PS 198/15 Rovdefjordsambandet - teikning av aksjar

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune takkar nei til invitasjonen om kjøp av nye aksjar i Rovefjordsambandet AS

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 08.12.2015:

Volda kommune takkar nei til invitasjonen om kjøp av nye aksjar i Roveffordsambandet AS

PS 199/15 Møteplan for politiske møte 2016**Administrasjonen si tilråding:**

Følgjande møteplan for 2016 for formannskapet og kommunestyret vert godkjent:

	FORMANNSKAPET	KOMMUNESTYRET
JANUAR	19.	28.
FEBRUAR	9. og 23.	25.
MARS	1. og 15.	31.
APRIL	5. og 19.	28.
MAI	3., 10. og 31.	26.
JUNI	7. og 21.	16.
JULI		
AUGUST	16.	25.
SEPTEMBER	6. og 20.	29.
OKTOBER	4. og 18.	25.
NOVEMBER	1., 15., 22. og 29.	10. (pres. budsjett) og 24.
DESEMBER	13.	15.

Formannskapet startar møta sine kl. 12:00 og kommunestyret kl. 14:00.

Handsaming:

Ordføraren la til følgjande møte til møteplanen:

- Felles kommunestyremøte mellom Volda og Ørsta kommunar, 20. og 21. januar.
- Kommunestyret arbeider med kommuneplanen sin samfunnsdel, "heildagsmøte" 25. februar.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 08.12.2015 til kommunestyret:

Følgjande møteplan for 2016 for formannskapet og kommunestyret vert godkjent:

	FORMANNSKAPET	KOMMUNESTYRET
JANUAR	<i>19.</i>	<i>20., 21. og 28.</i>
FEBRUAR	<i>9. og 23.</i>	<i>25.</i>
MARS	<i>1. og 15.</i>	<i>31.</i>
APRIL	<i>5. og 19.</i>	<i>28.</i>
MAI	<i>3., 10. og 31.</i>	<i>26.</i>
JUNI	<i>7. og 21.</i>	<i>16.</i>
JULI		
AUGUST	<i>16.</i>	<i>25.</i>
SEPTEMBER	<i>6. og 20.</i>	<i>29.</i>
OKTOBER	<i>4. og 18.</i>	<i>25.</i>
NOVEMBER	<i>1., 15., 22. og 29.</i>	<i>10. (pres. budsjett) og 24.</i>
DESEMBER	<i>13.</i>	<i>15.</i>

Formannskapet startar møta sine kl. 12:00 og kommunestyret kl. 14:00.

PS 201/15 Spørsmål knytt til funksjon som ordførar

Arbeidsgruppa si tilråding til formannskapet:

- 1. Arbeidsgruppa held fast ved praksis over fleire tiår med at ordførarombodet skal vere på fulltid. Godtgjersla skal tilsvare 50 % av løna som ein stortingsrepresentant har pr. år. Godtgjersla er medrekna møtehonorar. Ordførar vert ikkje innmeldt i pensjonsordninga.*
- 2. Godtgjersle for varaordførar skal være 30% av ordførargodtgjersla. Godtgjersla er medrekna møtehonorar og tapt arbeidsforteneste.*
- 3. Innsparing tilsvarande 30% av ordførargodtgjersle, skal setjast av til disposisjon for formannskapet.*
- 4. Denne ordninga gjeld for perioden 2016-2019 så lenge som Jørgen Amdam er ordførar.*

Handsaming:

Saka vart etterutsendt måndag 7. desember 2015.

Dan Helge Bjørneset kom med slikt framlegg til nytt pkt. 2:

Godtgjersle for varaordførar vert sett til 20 % av løna til stortingsrepresentant pr. år.

Dan Helge Bjørneset trekte framlegget sitt.

Formannskapet drøfta saka og kom med slikt fellesframlegg:

- 1. Arbeidsgruppa held fast ved praksis over fleire tiår med at ordførarombodet skal vere på fulltid. Godtgjersla skal tilsvare 50 % av løna som ein stortingsrepresentant har pr. år. Godtgjersla er medrekna møtehonorar. Ordførar vert ikkje innmeldt i pensjonsordninga.*
- 2. Godtgjersle for varaordførar skal samla sett vere 30% av årleg godtgjersle til ein stortingsrepresentant.*
- 3. Denne ordninga (pkt. 1-2) gjeld for perioden så lenge Jørgen Amdam er ordførar.*
- 4. Når det gjeld godtgjerslereglementet er politikargodtgjersla framleis rekna ut frå årleg godtgjersle til ein stortingsrepresentant.*
- 5. Innsparinga tilsvarende 30 % av full ordførargodtgjersle, skal setjast av til disposisjon for formannskapet i samband med handsaminga av budsjett og økonomiplan i kommunestyret.*

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 08.12.2015 til kommunestyret:

- 1. Arbeidsgruppa held fast ved praksis over fleire tiår med at ordførarombodet skal vere på fulltid. Godtgjersla skal tilsvare 50 % av løna som ein stortingsrepresentant har pr. år. Godtgjersla er medrekna møtehonorar. Ordførar vert ikkje innmeldt i pensjonsordninga.*
- 2. Godtgjersle for varaordførar skal samla sett vere 30% av årleg godtgjersle til ein stortingsrepresentant.*
- 3. Denne ordninga (pkt. 1-2) gjeld for perioden så lenge Jørgen Amdam er ordførar.*
- 4. Når det gjeld godtgjerslereglementet er politikargodtgjersla framleis rekna ut frå årleg godtgjersle til ein stortingsrepresentant.*
- 5. Innsparinga tilsvarende 30 % av full ordførargodtgjersle, skal setjast av til disposisjon for formannskapet i samband med handsaminga av budsjett og økonomiplan i kommunestyret.*

PS 202/15 Voldsfjordkryssing - bruselskap

Handsaming:

I samband med handsaming av årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019, vart det vedteke at sak om Voldsfjordkryssing skal handsamast i sak PS 197/15 korrigering av budsjett 2. halvår 2015. Saka om Voldsfjordkryssing, vart handsama som eiga politisk sak.

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

Voldsfjordkryssing AS

1. *Etablering av selskapet Voldsfjordkryssing AS*

Volda kommunestyre vedtek straks å etablere selskapet Voldsfjordkryssing AS.

2. *Det vert løyvt kr. 500.000,- som kommunens aksjekapital i selskapet (dekning for løyvinga vert å hente frå ubunde fond).*

3. *Det vert oppnemnt eit «interimsstyre» for selskapet bestående av følgjande 3 personar:*

-
-
-

4. *Etter at etableringa av selskapet formelt er ordna, skal det straks gjerast ein emisjon retta mot andre kommunar/fylkeskommunar, næringsliv og befolkning. Denne emisjonen skal vere gjennomført i løpet av 1. kvartal 2016. Når emisjonen er gjennomført skal det innkallast til generalforsamling som så m.a. vel endeleg styre for selskapet.*

5. ***Vedtekter for Voldsfjordkryssing AS***

§1 *Selskapet sitt namn er Voldsfjordkryssing AS.*

§2 *Selskapet si forretningsadresse skal vere Volda kommune.*

§3 *Selskapet sitt hovedføremål:*

- a) *Erstatte ferja Volda-Folkestad – med brusamband over Voldsfjorden - finansiert primært med ferjeavløysingsmidlar samt bompengar*
- b) *Erstatte ferjesambandet Volda-Lauvstad – med brusamband over Dalsfjorden - finansiert primært med ferjeavløysingsmidlar samt bompengar*
- c) *Vere pådrivar for etablering av tunnel-samband mellom vestsida av Dalsfjorden og Vanylven.*

§4 *Selskapet sin aksjekapital er kr. 500.000,- delt på aksjar pålydande kr. 1.000,-*

- §5 *Selskapet sitt styre skal ha 3 – 7 medlemmer alt etter generalforsamlinga si nærare avgjerd. Styret blir valt for 2 år. Styret sin leiar blir vald av generalforsamlinga.*
- §6 *Selskapet vert teikna av formannen i styret.
Eit samla styre kan gi prokura.*
- §7 *Ordinær generalforsamling vert halde kvart år innan utgangen av juni månad i samsvar med aksjelova. Innkalling og dagsorden til generalforsamlinga vert sendt aksjonærane med minst 2-to-vekers varsel.*
- Ekstraordinær generalforsamling vert halden i samsvar med reglane i aksjelova.*
- I generalforsamlinga skal handsamast:*
- 1. Fastsetjing av resultatregnskap og balanse*
 - 2. Bruk av overskot eller dekning av underskot i høve til den fastsette balansen*
 - 3. Val av styre*
 - 4. Andre saker som etter lov høyrer under generalforsamlinga.*
- §8 *Overdraging av aksjar skal meldast og godkjennast av styret*
- §9 *Det vert ellers vist til den til ei kvar tid gjeldande aksjelovgivning*

Jørgen Amdam kom med slikt framlegg:

Det vert avsett aksjekapital kr 300.000 til planlagt etablering av selskapet Voldsfjordkryssing. Dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.

Kommunestyret tek endeleg stilling til stiftinga av selskap og formål mv i eiga sak på grunnlag av samla vurdering og saksutgreiing frå administrasjonen.

Odd A. Folkestad kom med alternativt framlegg til vedtak og trekte det første framlegget:

Løyving av aksjekapital i samband med stifting av aksjeselskap brukryssing-selskap

Det vert vist til vedtak i Volda formannskap den 05.05.2014, sak PS 68/155, vedr stifting av aksjeselskap som skal ha som hovedføremål å etablere bru over Voldsfjorden. - Det vert vidare vist til vedtak i Volda kommunestyre den 27.08.2015, sak PS 84/15, vedr. same sak.

Til Volda kommune sin aksjeselskapital i høve selskapsstiftinga vert løyvt inntil kr. 500.000,-. Midlar til løyvinga vert å hente frå "ubunde fond".

Røysting:

Det vart røysta punktvis over framlegget frå Odd A. Folkestad og framlegget frå Jørgen Amdam.

Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk fire røyster (Odd A. Folkestad, Dan Helge Bjørneset, Margrete Bjerkvik og Anders Egil Straume) og fall. Fem røysta mot.

Framlegget frå Jørgen Amdam fekk fem røyster og vart vedteke. Fire røysta mot (Odd A. Folkestad, Dan Helge Bjørneset, Margrete Bjerkvik og Anders Egil Straume).

Tilråding i formannskapet - 08.12.2015 til kommunestyret:

Det vert avsett aksjekapital kr 300.000 til planlagt etablering av selskapet Voldsfjordkryssing. Dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.

Kommunestyret tek endeleg stilling til stiftinga av selskap og formål mv i eiga sak på grunnlag av samla vurdering og saksutgreiing frå administrasjonen.

PS 200/15 Orienteringssaker

OS 134/15 Høringsbrev – NOU 2015: 7 Assimilering og motstand – Norsk politikk overfor taterne/romanifolket fra 1850 til i dag

OS 135/15 Referat forhandlingsnemndene for Ørsta og Volda om kommunereform, 27.11.2015

Ordføraren orienterte om saka. Ein tek sikte på ei felles samling av kommunestyra for Volda og Ørsta 20. og 21. januar 2016. Det vart vidare vist til framdriftsplanen for kommunereformarbeidet.

OS 136/15 Utsendingar til landstinget i LNK Landstinget for nynorskkommunar - Ulsteinvik 8.-9. juni 2017

PS 203/15 Lønsforhandling rådmann

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg til vedtak:

Formannskapet vel eit forhandlingsutval som forhandlar løn til rådmannen.

Ordføraren kom med framlegg om Dan Helge Bjørneset, ordførar og varaordførar som medlemer i forhandlingsutvalet.

Røysting:

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 08.12.2015

Formannskapet vel eit forhandlingsutval (Dan Helge Bjørneset, ordførar og varaordførar) som forhandlar løn til rådmannen.

OS 137/15 Torvmyrvegen

Handsaming:

Ordføraren orienterte om utfordringar kring sambinding av Torvmyrvegen og planlagt rundkøyring i Furene. Det vert truleg naudsynt å løyve midlar til prosjektering for dette føremålet.

OS 138/15 Årsmøte Gode Vegar AS

Det vert halde årsmøte i Gode Vegar AS 14. 12.2015. Ordførarane og rådmennene i Volda og Ørsta kommunar er invitert til møtet.

OS 139/15 Vegstrekninga Hunnes-Vatne

Ordføraren orientert. Vegstrekninga Vatne-Hunnes vert omklassifisert frå fylkesveg til kommunalveg. Volda og Ørsta kommunar forhandlar med Statens vegvesen om vilkår kring overtakinga av vegstrekninga. Det er ikkje semje mellom partane, dette kan medføre at vegen ikkje vert brøyt i vinter.

OS 140/15 Helse- og omsorgsminister Bent Høie vitjar Volda 15.12.2015

Ordføraren orienterte om at helse og omsorgsminister Bent Høie vitjar Volda 15. desember. Statsråden og ordførarane i distriktet, vil halde møte om Volda sjukehus og akuttkirurgi.

Møtet slutt kl. 14:40

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
09.12.2015

Sonja Håvik
konsulent